

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hjelmeland.

Emne: Ard og plog.

Bygdelag: Hjelmeland.

Oppskr. av: Ånund Ramsfjell.

Gard:

(adresse): Hjelmeland.

G.nr.

Br.nr.


A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Har spurt Jakob Gunnufsen, f. 3/8, 1871. Tømmermann.

Ordet eller nemninga ard er ^{SVAR} ikkje brukt her, det folk kjenner til. Men treplog med jernbeslag på skjeret er her fleire av ennå. Det er ingen som veit korleis dei vart bruka, men truleg har dei vore brukt på den måten at dei vart kjørde att og fram på kryss og tvers i åkeren. Dei hadde ikkje veltefjøl, likna meir på hyppeplog, derfor måtte molda til begge sider.

Til å horva med hadde dei horver både for hand og hest. Og tindane var stundom av tre. Det kan tenkjast at treplogane vart brukt til å laga forer i åkeren med, slik at dei kunne setja poteter i dei. Det er på den måten det foregår nå iallfall. Kven som laga desse plogane veit me heller ikkje, men det er truleg at dei var heimelaga. Det var smier mest på kvar garden i dei tider, og sjølberga var dei på nesten alle omkverve, veit me. Nå brukast berre fabrikarbeidde plogar, dei har vistnok vore i bruk 70-80 år. Veltefjøla er av jern og vridd slik at plogen velter godt. Plogkaren hadde på plogåsen ei skufla av tre eller ei klypa som han rensa veltefjøla med. Ein tre kloss på åsen var sett der for at dei skulle dra plogen i retur på den. Slepoko var det og på sume plogar. Vanleg pløyedjupn var 3-4 tumar. Ristil er ukjent her. Når dei skulle lenger vei med plogen, kjørde dei han i vanleg kjerra.



treplog.